



## Langesund Rotaryklubb Møtereferat



### Veke 10: Referat frå Torskeaftan 10. mars 2023

16 medlemer og 5 partnarar var samla til **Torskeaftan** på Telemarksvingen fredag 10. mars frå klokka 18 til klokka 21.

**P**resident Anne Wiik Stamsø ønskte oss alle velkomne til eit delikat måltid: kokt torsk med rogn og lever, pluss poteter, brokkoli, blomkål, gulrøter og eggemør – om eg hugsar alle detaljane! Vi avslutta det heile med ein god kopp kaffi. Praten gjekk heile tida livleg.

President Anne hadde gitt meg den trivelege oppgåva å halde takk-for-maten–tale. Sidan tilhøyrarane lo på dei stadene eg håpa dei ville gjere det, må eg seie meg vel nøgd!

Dette var første gongen Eli og eg var med på torskeaftan her i Langesund Rotaryklubb, og det var ei hyggjeleg oppleving. Også i Jevnaker Rotaryklubb var det ein årleg torskeaftan, og vi er begge glade for også her å kunne vere med på eit arrangement der medlemer og partnarar møtest til eit koseleg samvær over eit godt måltid.

La meg få takke Edrund Olaisen, som var så venleg å dele med meg nokre av biletta ho tok.

Langesund, 15. mars 2023, Rolf Theil

